



Songlaget Alvidt/Manger
Rigmor Korneliussen
5914 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/411 - 16/14716

Saksbehandlar:
Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:
18.11.2016

Driftmidlar kultur 2016 - avslag på søknad

Det er i budsjettet for Radøy kommune 2016 sett av 375 000 kroner i kulturmidlar. I samband med nye retningsliner for kulturmidlar vart desse splitta i kr 15 000 til «Tilskot til mindre investeringar i kulturbygg og -anlegg» og kr 360 000 til driftsmidlar til lag og organisasjonar. Av dei 360 000 som er sett av til driftsmidlar, skal song og musikk ha 35 %, eller kr 126 000,-.

Dei nye retningslinene seier «*Kommunale kulturmidlar kan gjevast til lag, foreiningar og organisasjonar som har sitt virke i Radøy kommune. Regionale organisasjonar og fylkesorganisasjonar kan få tilskot dersom midlane vert øyremerkte verksemd i Radøy kommune, og det ikkje finst lag i kommunen som ivaretar denne aktiviteten. Det er då ein føresetnad at organisasjonen har medlemmer som er busette i Radøy kommune.*»

Dei nye retningslinene seier at born og unge, menneske med nedsett funksjonsevne og tiltak som fremjer integrering skal prioriterast. I tillegg vil tal medlemmer busett i Radøy kommune, aktivitetsnivå og inntekter/utgifter verta lagt til grunn.

På bakgrunn av dette har administrasjonen vedtatt fordelinga av midlar som vist nedanfor. Radøy musikkråd har hatt saka til uttale, og hadde ingen merknader til fordelinga.

Lag	Tilskot
Songlaget Alvidt/ Manger	0 kr
Radøy Damekor	5 000 kr
Hordabø Skulemusikklag	33 000 kr
Manger Skulemusikklag	40 000 kr
Sæbø Skulemusikklag	33 000 kr
Radøy brass	15 000 kr
Totalt	126 000 kr

Songlaget Manger/Alvidt får avslag på søknaden då laget ikkje har aktivitetar i Radøy kommune.

Vedtaket kan påklagast, jf. forvaltningslova § 28. Klagefristen er tre veker rekna frå det tidspunkt underretning om vedtaket kom fram til parten, jf. forvaltningslova § 29. Eventuell klage skal sendast til den instans som har fatta vedtaket i Radøy kommune.

Med helsing

Anne Dahle Austrheim
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Songlaget Alvidt/Manger

Rigmor Korneliussen

5914

ISDALSTØ